

Strålende 1. mai-dag.

01.05.2012



Blå himmel og stille. Ikke mykje blafring i flagget!

**Uskedalen har ingen store tradisjonar når det gjeld feiringa av Arbeidarane sin dag. Men opp gjennom åra har bygda brukta dagen til tradisjonsrike og samlande arrangement. Tidlegare hadde vi den tradisjonsrike Strand-stafetten rundt sentrum. Den samla svært mykje folk; både bydefolk og tilreisande. No har vi ein del år hatt det flotte familiearrangementet som sykkelbusløpet er.**

Når vi mimrar tilbake var det heller ikkje flagg på så mange flaggstenger. Derfor tok vi ein rundtur i bygda med ei meir eller mindre påliteleg oppteljing. Talet på flagg vi registrerte stoppa på 16, og dermed er det nok grunn til å tru at det reelle talet er i overkant av 20. Dette er nok litt meir enn det som har vore vanleg. Om det er aukande engasjement eller det strålende veret som er årsaka, skal vera usagt.



At det er vakkert med flagg som pyntar ekstra opp i den vårpryda bygda vår, er det i alle fall ikkje tvil om. Det gjer den strålande vårdagen endå vakrare.

Av: Thor Inge Døssland.